

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.04.2015

Vår ref.: 201401320-4

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

FjellVAR AS – søknad om løyve til regulering og uttak av drikkevatn frå Fjæreidevatnet og Engesvatnet i Fjell kommune - høyring

NVE har motteke ein søknad frå FjellVAR AS, datert 24.2.2015, om løyve til regulering og uttak av drikkevatn frå Fjæreidevatnet og Engesvatnet i Fjell kommune.

FjellVAR AS søker om å ta ut maksimalt 15400 m³ drikkevatn i døgnet frå Fjæreidevatnet. Det er også søkt om å regulere Fjæreidevatnet mellom kote 16 (LRV) og kote 23 (HRV) og Engesvatnet mellom kote 16 (LRV) og kote 23 (HRV).

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papiirutgåve av søknaden, kan de kontakte Bjarne Ulvestad (FjellVAR AS) på tlf. 56 31 59 30 eller e-post: bjarne.ulvestad@fjellvar.as.

Vi ber Fjell kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicetorget på Fjell rådhus og på biblioteket på Straume fram til **22.5.2015**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **22.5.2015**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Informasjonsark
Kunngjeringstekst

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag
Fjell kommune
Fjell Turlag
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet, Distriktskontoret Bergen og Omland
Naturvernforbundet i Hordaland
NJFF – Hordaland
Norges Miljøvernforbund
Norges Padleforbund
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland